

KOP



FYLKESMANNEN I ROGALAND

KONTORADRESSE: STATENS HUS, LAGÅRDSVEIEN 78 - POSTADRESSE: POSTBOKS 0059, 4001 STAVANGER. TELEFON: 51 56 87 00
LANDBRUKSAVDELINGEN: KLUBBGT. 1, 4012 STAVANGER. Telefon: 51895590. Telefax: 51895551
TELEFAX: KOMMUNAL- OG ADM.AVD.: 51 56 88 11 - BEREDSKAPSAVD.: 51 52 51 80 - SOSIAL- OG FAM.AVD.: 51 56 88 77 - MILJØVERNAVD.: 51 52 90 27

Finnøy kommune
Teknisk etat

4160 FINNØY

Dykkar ref.:
Ark. M50, jnr. 32576

Vår ref.:
10/168/95/KTS
Ark.: 433.13

Dato
24 JUNI 1996

LØYVE TIL AVSLUTTING, LUKKING OG ETTERDRIFT AV DØVIKA FYLLPLOSS

Vi viser til Dykkar søknad av 06.06.95 om løyve til avslutting, lukking og etterdrift av Døvika fyllplass.

Fylkesmannen har nå sluttbehandla søknaden. Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt i medhald av § 11 i forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6, med endringar seinast av 11. juni 1993 nr. 107, og gjeld i 30 år frå dags dato.

Dei forhold som ein meiner vil ha størst miljømessige konsekvensar er regulert i løyvet. Endringar i dette løyvet skal gjerast skriftleg.

Dersom verksemda vert ført over til ny eigar, skal Fylkesmannen i Rogaland varslast innan 1 månad etter eigarskiftet. Eit eigarskifte kan føre til endringar i løyvet i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om visse forureiningskader i enkelte tilfelle må påreknast som følgje av dei utsleppa løyvet gir høve til, så er ikkje Finnøy kommune fritteke for plikt til å betala erstatning eller vederlag etter grannelova, jf. forureiningslova § 56.

Vi gjer merksam på at det er straffbart å ikkje overhalde utsleppsvilkåra etter forureiningslova og straffelova.

Sakshandsaming / uttaler:

Sakspapira har vore lagt ut til offentleg ettersyn. Fylkesmannen har ikkje mottatt uttaler i samband med utlegginga.

Før den kommunale sluttbehandlinga i teknisk styre har fire kommunale råd / utval kome med uttaler. Fiskerinemnda, kulturutvalet og utval for miljøretta helsevern gir si tilråding til planen. Jordbrukssjefen meiner at fyllplassen må kunna nyttast som jordbruksareal også i dei 30 åra kommunen har ansvar for etterdrifta av plassen.

Grunngjeving for avgjerda:

På grunnlag av Stortingsmelding nr. 44 (1991-92) om tiltak for reduserte avfallsmengder, auka gjenvinning og forsvarleg sluttbehandling av restavfall, har Statens forureiningstilsyn (SFT) fastsett retningslinjer til fylkesmannen for handsaming av fyllplassar. Retningslinjene inneber m.a. at det skal stillast krav til forsvarleg avslutting, lukking og etterkontroll av avfallsplassar. Etterkontrollen gjeld utslepp til luft og vatn og resipientkontroll i ein periode på inntil 30 år etter avslutting av fyllinga.

Fylkesmannen ga løyve til utslepp frå Døvika fyllplass i vedtak av 31.03.87. Fyllplassen har vore i drift som kommunal fyllplass fram til mai 1994. Totalt er det deponert ca. 10.000 m³ avfall på Døvika fyllplass.

I kommuneplanen er området rundt Døvika fyllplass avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde. Når fyllplassen er ferdig planert og tildekkta kan området nyttast som jordbruksareal.

I samsvar med SFT sine retningslinjer stiller fylkesmannen krav om etterkontroll av sigevatnet frå Døvika fyllplass 30 år fram i tid.

ProMi AS har berekna gass og energipotensiale i Døvika fyllplass. Denne analysen gir etter fylkesmannen si mening ikkje grunnlag for å kreve gassoppsamling og avfakling av gass frå Døvika fyllplass.

Fristar som gjeld:


- Sikring og utbetring av kummar på sigevassleidning skal vere utført innan 01.01.97.
- Planering, forming og tildekking av fyllinga skal vere utført innan 01.01.97.
- Rydding av fyllplassen og området rundt skal vere gjort innan 01.01.97.
- Innsending av årsrapport m/resultat frå miljøkontroll av sigevatnet innan 1. mars kvart år. Frist for første årsrapport er 01.03.97.

Høve til å klage og klagefrist:

Vedtaket kan etter forureiningslova § 85, påklagast til Statens forureiningstilsyn av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde. Eventuell klage skal opplysa om det forhold det blir klaga over, og den eller dei endringar som klagaren ynskjer. Klagen bør grunngis, og alle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen eller Statens forureiningstilsyn kan etter oppmoding eller på eige initiativ vedta at løyvet ikkje tek til å gjelde før det/dei punkt eventuell klage omfattar er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om igangsetting/oppstart kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå saksdokumenta. Nærmare opplysningar om dette kan Fylkesmannen i Rogaland gi. Fylkesmannen kan også opplyse om sakshandsamingsreglar og andre reglar som er viktige for saka.

Med helsing



Morten Nicholls
seksjonsleiar



Sigmund Hatløy
fylkesmiljøvernssjef

Sakshandsamar: Kjersti Tau Strand

Vedlegg:
Løyvet med vilkår

Kopi m/vedlegg:
Sverre Emil Mjøsnes, 4160 Finnøy
Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga
Fiskerisjefen i Rogaland
Kystverket, 2. distrikt
Fylkesfriluftsnemnda i Rogaland
Ryfylke friluftsråd
Rogaland Fiskarlag
Rogaland Fiskeoppdrettarlag
Naturvernforbundet i Rogaland



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til avslutting, lukking og etterdrift av Døvika fyllplass, Finnøy kommune

gitt med heimel i lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, med seinare endringar, §§ 11, 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysingar gitt i plan av 06.06.95, og opplysingar som er framkomne under handsaming av saka. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 5. Endringar som konsesjonshavar ynskjer å foreta i høve til desse, må vera avtalt med fylkesmannen på førehand.

Med heimel i omgjeringsreglane i forureiningslova § 18, kan fylkesmannen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setja nye vilkår, og om naudsynt kalla løyvet attende. I alle høve kan løyvet kallast attende eller endrast når det er gått 10 år etter at det er gitt. Løyvet frittek ikkje konsesjonshavar for innhenting av andre løyve for andre sider av verksemda, eller for erstatningskrav etter dei almenne erstatningsreglane, jf. forureiningslova § 10, 2. ledd og kap. 8.


Løyvet gjeld frå dags dato fram til år 2026.

Anleggsdata:

Anleggseigar: Finnøy kommune
Anlegget si lokalisering: Gnr. 20 bnr. 5, 6 og 7, grunneigar er Sverre Emil Mjølåsnes
Poststad: 4160 Finnøy
Kommune: 1141 Finnøy

Fylkesmannen sin referanse: 168/95/KTS - 433.13

Dato: 22/6-96


Sigmund Hatløy
fylkesmiljøvernssjef


Morten Nicholls
seksjonsleiar

1 Juridiske vilkår

1.1 Grunnlag for løyvet

Dette løyvet er basert på fylgjande lover og forskrifter:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 med seinare endringar.
- Forskrift om internkontroll fastsett ved kgl. resolusjon 22.03.1991.

1.2 Forureiningsgebyr

Med heimel i forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetja forureiningsgebyr til staten for å sikra at tiltak pålagde i samsvar med løyvet blir sette i verk.

1.3 Brot på vilkåra

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10, hvis ikkje forholdet blir påtalt etter strengare straffereglar.

2 Anlegg

2.1 Lokalisering

Døvika fyllplass ligg på eigedomen gnr. 20, bnr. 5, 6 og 7 i Finnøy kommune.

I kommuneplanen er området rundt Døvika fyllplass avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde. Når fyllplassen er avslutta i samsvar med kap. 3 Teknisk vilkår, kan området nyttast som jordbruksareal.

2.2 Utforming

Nedslagsfeltet til fyllplassområdet er ca. 60 daa. Sjølve fyllplassen dekker eit areal på ca. 3.5 daa. Mot søraust og aust er fyllplassen sprengt ut i fjell. Ned mot sjøen (nord - nordvest) er det opparbeidd ein fyllingskant / jordvoll. Totalt er det deponert ca. 10.000 m³ avfall på Døvika fyllplass i tida frå 1987 til mai 1994.

3 Tekniske vilkår

3.1 Vern mot vassforureining

3.1.1 Handsaming av overvatn

I samsvar med utsleppsløyve for Døvika fyllplass datert 31.03.87, er det opparbeidd avskjerande grøfter rundt fyllplassen for å avgrense nedbørfeltet. Overvatnet blir ført i tett leidning gjennom fyllinga og ut til eksisterande bekkeløp.

Setjingar i fyllinga kan føre til skader på den tette leidningen slik at sigevatn forureinar overvatnet. For å oppdage ev. forureining av overvatnet skal det tas prøve av vatnet som kjem ut av den tette

leidningen 1 gong pr. år. Prøven skal analyserast i samsvar med grunnprogrammet for kontroll av sigevatnet, jf. pkt. 3.1.2 Handsaming av sigevatn.

Dersom prøven viser at overvatnet er forureina av sigevatn, vil fylkesmannen krevja at skaden på leidninga blir utbetra eller at det forureina overvatnet blir tatt hand om på anna vis.

3.1.2 Handsaming av sigevatn

I utsleppsløyve datert 31.03.87, blei det stilt krav om at alt sigevatn frå fyllplassen skulle samlast opp og førast ut i sjø til 20 m. djup. Det er lagt ned eit drencsystem som samlar opp sigevatnet. Sigevatnet går via ein kum på sjølve fyllinga, ein kum nedanfor jordvollen og ein kum i fjøresteinane, og ut på 20 m. djup i Døvika. Kummane er 300 mm PVC stigerøyr.

Kummen på sjølve fyllinga må sikrast mot forskyving og knekking ved å sette ned ein betongkum og fylle med puk / grus rundt stigerøret. Kummen må sikrast minimum 4 m. ned i fyllinga.

Kummen nedanfor jordvollen skal skiftast ut med ein betongkum der det er lagt til rette for mengdemåling (t.d. ved bruk av V - overløp) av sigevatnet ved prøvetaking.

Kummen i fjøresteinane blei sett ned i samband med spyling av utsleppsleidningen. Kummen står så langt nede at sigevatnet går i overløp ved flo sjø. Finnøy kommune må flytte kummen over vassstands nivået ved ekstrem springflo, sikra han mot forskyving / knekking og setje på kumløkk.

Frist for sikring og utbetring av kummane er 01.01.97.

Samansetjing av sigevatnet skal kartleggjast. Krav til minimumsprogram:

Mengdemåling av sigevatnet: Manuell måling i samband med prøvetaking i kum nedanfor jordvollen.

Vasskjemi: Det skal takast representative dagblandeprøver av sigevatnet minst 4 gonger pr. år. Prøvetakinga skal skje i februar, mai, august og oktober. Prosedyre for prøvetaking skal vera godkjend av utførande laboratorium.

Prøvane skal analyserast i høve til fylgjande program:

Parametrar:

Grunnprogram:

4 gonger pr. år

Leiingsevne

pH

TOC

Totalnitrogen

Jern (Fe)

Klorid (Cl⁻)

Bly (Pb)

Kadmium (Cd)

Tilleggsprogram:

2 gonger pr. år (august og oktober)

Kopar (Cu)

Krom (Cr)

Nikkel (Ni)

Sink (Zn)

Kvikksølv (Hg)

Fylkesmannen kan seinare stilla krav om andre analyseparametrar og prøvetakingsfrekvensar. Etter 5 år kan kommunen be fylkesmannen vurdere behovet for endring av prøvefrekvensen.

Prøvane skal analyserast ved offentleg akkreditert laboratorium. Kostnadane skal dekkjast av anleggseigar.

3.1.3 Overvaking av resipienten

Det kan på eit seinare tidspunkt bli kravd resipientundersøking i Døvika. Trong for slik undersøking vil m.a. bli vurdert på grunnlag av resultatata av sigevatnanalysane. Dersom fylkesmannen meiner det er naudsynt, skal den som har fått utsleppsløyve medverke til og/eller betale slike resipientundersøkingar, jf. forureiningslova § 51.

3.1.4 Reinsing av sigevatn

Det kan på eit seinare tidspunkt bli stilt krav om reinsing av sigevatnet på grunnlag av m.a. resultatet av sigevatnanalysar, resipientundersøkingar eller reglar fastsett av forureiningsstyresmaktene.

3.2 **Planering, forming og tildekking**

Avfallsfyllinga skal ha ei utforming og tildekking som sikrar at nedbør og overflatevatn i minst mogeleg grad kan trengja inn i fyllinga, jf. innsendt plan. Når fyllinga er ferdig tildekkta og avslutta skal kommunen måle inn alle kummane og nivellere (min. 3 profilar) fyllifga. **Dette arbeidet skal vera avslutta innan 01.01.97.**

Finnøy kommune planlegg å bruke mudringsmassar frå Leiraområdet, Judaberg, som dekkmasse på fyllinga. Muddermassane skal leggjast ut i eit 80 cm. tjukt lag. Oppå muddermassane skal det leggjast 20 cm. matjord. Rogalandsforskning har analysert innhaldet av kvikksølv, bly og kadmium i muddermassane. PCB og PAH er analysert ved Miljø - kjemi, Norsk Miljø Senter A/S. Analysene viser at muddermassane kan plasserast i tilstandsklasse 1 (god), jf. SFT vegleiar 93:02 'Klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann'. På bakgrunn av dette meiner fylkesmannen at muddermassane kan nyttast som dekkmasse på fyllinga.

Høgden på fyllplassen skal kontrollerast med nivellerkikkert ein gong pr. år. Finnøy kommune har ansvar for å fylla i ev. setjingar som oppstår i fyllinga.

3.3 **Vern mot gassutslepp**

ProMi AS har utført ei berekning av gass og energipotensiale i Døvika fyllplass. På bakgrunn av analysen som er gjort konkluderer ProMi AS med at gassmengden er for liten til at dei kan anbefale gassoppsamling og avfakling. Analysen viser at gassproduksjonen sansynlegvis var på topp i 1994 og minkar forholdsvis raskt fram mot år 2005.

Fylkesmannen vil ikkje kreve gassoppsamling og avfakling av gass frå Døvika fyllplass.

Finnøy kommune slutta å deponere avfall på Døvika fyllplass i mai 1994. Etter dette har fyllplassen blitt tildekkta med eit lag grus / jord. Ein kan rekne med at mykje av gassen er utlufta, og fylkesmannen vil difor ikkje kreve spesielle tiltak for utlufting av gassen. Finnøy kommune må likevel

passer på at toppdekket ikke blir så tett at den gassen som fortsatt blir produsert i fyllinga samler seg i gasslommer. Kommunen må kontrollere at muddermassene som blir brukt som dekkmasse er så porøse at gassen slepp ut, ev. må det blandast inn andre massar i muddermassane.

3.4 Vern mot ulemper for nærmiljøet

I etterdriftsperioden skal ulempene for nærmiljøet avgrensast så langt råd er, dette gjeld m.a. flygeavfall og skadedyr.

3.4.1 Inngjerding

Gjerdet rundt fyllplassen kan fjernast når planering og tildekking av deponiet er avslutta.

3.4.2 Rydding

Spesialavfall som er lagra på fyllplassområdet skal leverast til godkjend mottakar. Anna utsortert avfall skal fraktast til godkjend avfallsplass for vidare handsaming.

Brakka for personalet på fyllplassen og slamavskiljaren for avløpsvatnet frå brakka skal fjernast.

Det skal ryddast i nærområdet til fyllplassen for å fjerna flygeavfall m.v.

Oppryddinga skal vere gjort innan 01.01.97.

4 Rapportering

Finnøy kommune skal kvart år innan 1. mars senda skriftleg rapport til fylkesmannen for foregåande kalenderår.

Rapporten (årsoversikta) skal innehalda: **resultat frå miljøkontroll** av sigevatn (vilkår 3.1.2)

Frist for første årsrapport er 01.03.97. Denne årsrapporten skal i tillegg til resultat frå miljøkontroll, oppsummere det arbeidet som er gjort for å oppfylle fristar og vilkår sett i dette løyvet.

